



**Sveio**  
- midt i leio -



# **KVALITETSKOMMUNEPROSJEKTET SVEIO KOMMUNE**

## **PROSJEKTPLAN**

**Revidert etter møte i AMU 26 oktober 2007**



# KVALITETSKOMMUNEPROSJEKTET SVEIO KOMMUNE

## Innleiing

Kvalitetskommuneprogrammet er eit trepartssamarbeid mellom regjeringa(KRD), KS og arbeidstakarorganisasjonane med føremål å fremja kvalitetsutvikling og å redusera sjukefraværet i kommunane.

Sveio kommune er ein av 29 kommunar som vart tatt opp i programmet i mars 2007 på bakgrunn av ei prosjektskisse vedteken i kommunestyret 12.02.2007 under sak 05/07

På regjeringa sine nettsider står det mellom anna:


*”Målet med samarbeidet er å øke kvaliteten og effektiviteten på det kommunale tjenestetilbudet gjennom en konstruktiv samhandling mellom de folkevalgte, lederne og de ansatte slik at innbyggeren merker en forbedring. Det er et særskilt mål å redusere sykefraværet i kommunesektoren.*

*Det er et mål at over halvparten av landets kommuner skal ha deltatt i programmet, som blant annet innebærer at:*

*Aktiviteten skal bygge på arbeid som allerede gjøres eller er gjort, og utfyller og forsterker eksisterende arbeid. Det vises i denne sammenheng blant annet til de bilaterale kvalitetsavtalene mellom KS og regjeringen”.*

- *Fokus rettes mot pleie- og omsorgssektoren og oppvekstsektoren.*
- *Samarbeidet lokalt må spesielt involvere medarbeiderne som møter innbyggerne.*
- *Kommunene skal i all hovedsak trekke på egne krefter, med bistand fra prosjektets innsatsteam og ressursmiljøer.*
- *Det lokale arbeidet må ha god forankring hos de folkevalgte.*
- *De deltakende kommunene må forplikte seg på konkrete mål når det gjelder nedgang i sykefravær.*
- *Arbeidet skjer innenfor kommunens vedtatte økonomiske ramme.*
- *Intensjonene i Hovedavtalen skal ivaretas*

AMU er styringsorgan for prosjektet og godkjende første utkast til prosjektplan juni 2007. Denne vart sendt ut på høyring og justert i møte i AMU 26. oktober 2007 under sak 11/07. Denne prosjektplanen er justert med dei endringar som vart vedteke i AMU på dette møte.



## Målsetjing og måleindikatorar


I visjonen for Sveio kommune (Organisering og ansvarsdeling 1. juni 2003) står det:

*”Sveio er ein god kommune å bu i for alle barn, unge, vaksne og eldre og slik skal den enkelte alltid oppleve det. Dei kommunale tenestene er prega av kvalitet, tilgjenge og respekt for brukarane.*

*Sveio er velfungerande og i stadig utvikling. Servicenivået er definert og målbart slik at innbyggjarane veit kva dei kan forventa. Dermed kan alle stilla realistiske krav til kvaliteten.*

*Det er i møte mellom den tilsette og brukaren av kommunale tenester at kvaliteten i første rekkje vert målt. Myndiggjorte medarbeidarar med kompetanse og erfaring sikrar kvaliteten i dette møte. Det er eit leiaransvar at vilkåra for møte er så gode som mogeleg.”*

Arbeidet i kvalitetskommunesamarbeidet skal byggja opp under denne visjonen. Målsetjinga er såleis tredelt.



**Desse elementa heng saman og påverkar kvarandre. Det er ei overordna målsetjing at utviklingsarbeidet innan kvar av desse områda skal dra i same retning, slik at det kan vera med på å verkeleggjera intensjonen i visjonen.**

### **Satsingsområde for auka kvalitet**

I første del av prosjektet vil ein ha fokus på følgjande tenesteområde:

- Skule
- Eldreomsorg
- Musikk- og kulturskule

Utviklingsarbeidet innan kvalitetskommunesamarbeidet skal så langt som mogeleg knytast opp mot målbare indikatorar for kvalitet og utvikling.

Bakgrunnen for å fokusere på målbare indikatorar i utviklingsarbeidet er todelt

1. Samanlikning over tid for å sjå om tiltak har ønska effekt
2. Måla seg mot andre for å søka samarbeid om kvalitetsutvikling.

## **Delprosjekt**

Prosjektet er delt opp i 4 delprosjekt

1. Kvalitetsutvikling i grunnskulen
2. Kvalitetsutvikling i eldreomsorga
3. Kvalitetsutvikling i musikk- og kulturskulen
4. Kvalitetsutvikling av samhandling, system og organisasjon

***Fokusområdet jobbtrivsel og utarbeiding av kvalitetsmål for jobbtrivsel inngår som sentrale element i alle delprosjekta.***

### **Kvalitetsmål jobbtrivsel**

Sveio kommune skal til einkvar tid ha kvalifiserte og motiverte medarbeidarar som trivs i arbeidet og som er stolte av arbeidsplassen sin. Alle tilsette har ansvar for eigen utvikling og trivsel. Det er ein grunnleggjande føresetnad at alle viser kvarandre respekt, medverkar til å gjera kvarandre gode og bidrar til positiv utvikling av tenestetilbodet i kommunen, til beste for innbyggerane.

Måleindikatorar jobbtrivsel

Indikator	Målemetode
Trivsel med arbeidssituasjonen	Medarbeidarundersøking
Stoltheit over eigen arbeidsplass	Medarbeidarundersøking
Fagleg og personleg utvikling	Medarbeidarundersøking
Seniorpolitikk – andel seniorar i arbeid	Personalstatistikk
Jobbnærver	Fråværsstatistikk
Generell vurdering av arbeidsplassen	Eigenevaluering i einingane

## **Delprosjekt 1. Kvalitetsutvikling i grunnskulen**

### **Kvalitetsmål skule**

Skulen skal vera ein trygg, levande og utviklande læringsarena for alle barn og unge i kommunen. Saman med heimen skal skulen gi elevane relevant kunnskap av høg kvalitet og medverka til ein positiv sosial og personleg utvikling. Samarbeid og trivsel skal vera sentrale element i undervisninga.

Utgangspunkt for kvalitetsindikatorar i grunnskulen:

Indikator	Målemetode
Foreldreopplevd kvalitet	Brukarundersøking
Opplevd respekt	Elevundersøking
Opplevd trivsel	Elevundersøking
Resultat	
Andel personell med fagutdanning	KOSTRA
Generell kvalitetsvurdering	Eigenevaluering

### **Prosjektgruppe::**

Kommunalsjef Solfrid Lier Habbestad  
Rektor Narve Milford  
Fagforbundet v/Anne Fresvik  
Utdanningsforbundet v/Inge Berglund  
2 representantar frå politisk nivå

### **Prosjektgruppa sitt mandat:**

- Med utgangspunkt i målformuleringane og kvalitetsindikatorane som er lista opp i prosjektplanen, utarbeide konkrete kvalitetsmål(indikatorar) for skulen. Kvalitetsmåla skal omfatte både opplevd kvalitet, fagleg kvalitet og systemkvalitet.
- Analyse av særlige arbeidsmiljømessige utfordringar innan skulen med utgangspunkt i svara frå medarbeidarundersøkinga, sjukefråværestatistikk og anna informasjon.
- Utarbeiding av framdriftsplan for forbetningsarbeidet med utgangspunkt i den generelle prosjektplanen.
- Deltaking i KS nettverket om kvalitetsutvikling inngår som ei del av prosjektet.

## **Delprosjekt 2 Kvalitetsutvikling i eldreomsorga**

### **Kvalitetsmål eldreomsorg**

Sveio kommune skal har tenester av høg kvalitet tilpassa den enkelte sitt behov. I kvalitetsomgrepet ligg både fagleg (objektiv) og opplevd kvalitet. Møte med brukarane skal vera prega av grunnleggande respekt for den einkilde.

Utgangspunkt for kvalitetsindikatorar i eldreomsorga:

Indikator	Målemetode
Opplevd tilgjenge	Brukarundersøking
Opplevd respekt	Brukarundersøking
Opplevd trivsel (sjukeheim)	Brukarundersøking
Opplevd tenestestandard	Brukarundersøking
Andel personell med fagutdanning	KOSTRA
Generell kvalitetsvurdering	Eigenevaluering

### **Prosjektgruppe:**

Kommunalsjef Bjørn Gilje  
Eininslerar Arnhild Lund Grostøl  
Einingsleiar Helga Reinertsen  
Fagforbundet v/Sigrun Bøe Perez  
Sjukepleiarforbundet v/Reidun Framnes.  
2 representantar frå politisk nivå

### **Prosjektgruppa sitt mandat.**

- Med utgangspunkt i målformuleringane og kvalitetsindikatorane som er lista opp i prosjektplanen, utarbeide konkrete kvalitetsmål(indikatorar) for eldreomsorga. Kvalitetsmåla skal omfatte både opplevd kvalitet, fagleg kvalitet og systemkvalitet.
- Planlegge gjennomføring av brukarundersøking innan eldreomsorga.
- Analyse av særlige arbeidsmiljømessige utfordringar innan eldreomsorga med utgangspunkt i svara frå medarbeidarundersøkinga, sjukefråværestatistikk og anna informasjon.
- RO-analysen vert eit sentralt dokument i utviklingsarbeidet. Utfordringar som vert trekt opp her inngår som sentrale element i arbeidet.
- Utarbeiding av framdriftsplan for forbetningsarbeidet med utgangspunkt i den generelle prosjektplanen, RO analysen, kvalitetsundersøkingar og medarbeidarundersøkinga.
- Framdrifta i prosjektet må sjåast i samanheng med den totale arbeidsbelastninga i sektoren som følgje av brannen ved SOS

## **Delprosjekt 3 kvalitetsutvikling i musikk- og kulturskulen**

### **Prosjektgruppe:**

Kommunalsjef Mikal Møller Hovda

Einingsleiar Pål Jøsok

1 representant for dei tillitsvalde

1. representant frå politisk nivå

### **Prosjektgruppa sitt mandat**

- Utarbeide konkrete kvalitetsmål(indikatorar) for musikk- og kulturskulen. Kvalitetsmåla skal omfatte både opplevd kvalitet, fagleg kvalitet og systemkvalitet.
- Planlegga og gjennomføra brukarundersøking i musikkskulen.
- Analysere resultat frå brukarundersøking og medarbeidarundersøking og utarbeida framdriftsplan for utviklingsarbeidet vidare.

## **Delprosjekt 4 Kvalitetsutvikling av samhandling, system og organisasjon**

Dette prosjektet består av 4 hovuddelar:

1. Analyse av innsamla data jmf eksisterande prosjektplan
2. Vurdering av organisatorsike utfordringar som kjem fram frå arbeidet i dei andre delprosjekta
3. Vurdering av eventuelle strukturendringar i organisasjonen
4. Utarbeide utviklingsplan for samhandling, system og organisasjon

### **Kvalitetsmål systemutvikling og organisasjon**

Sveio kommune skal levere tenester av høg kvalitet på ein effektiv og god måte. Organiseringa og samhandlinga internt må fungera optimalt i forhold til dette.

Måleindikatorar:

Indikator	Målemetode
Andel ressursar til administrasjon	KOSTRA
Opplevd organisering av arbeidet	Medarbeidarundersøking
Opplevd leiing	Medarbeidarundersøking
Gjennomføringsevne (gjennomføring av vedtak)	Eigenevaluering
Leveringspunktlegheit (levering i forhold til fristar)	Eigenevaluering
Generell vurdering av organisering og samhandling	Eigenevaluering

### **Organisering av arbeidet**

- AMU har direkte ansvar for delprosjektet
- Utviklingssjefen har ansvar for innsamling av data til AMU

## Framdriftsplanen (justert 26. oktober 2007)

Tiltak	Frist / periode
Gjennomføring av medarbeidarundersøkingar	15 – 30 september
Vedtak endeleg prosjektplan i AMU og gjennomgang av resultat frå medarbeidarundersøkinga	26. september
Analyse av resultatet frå medarbeidarundersøkinga og utarbeiding av plan for utviklingsarbeidet i kvar eining	1. desember
Statusrapport delprosjekt 4 til AMU	1. desember
Utveljing av kvalitetsindikatorar og utarbeiding av statusrapport og vidare framdriftsplan innan delprosjekt 1-3	15. desember
Fellesmøte politikarar, administrasjon og tillitsvalde <ul style="list-style-type: none"><li>➤ Evaluering av resultat</li><li>➤ Utarbeiding av mål</li></ul>	Januar 2008
Vedtak utviklingsmål i AMU	Februar 2008
Utviklingsarbeid innan dei ulike satsingsområda	Feb 08 – aug. 08
Evaluering på utvalde kriterium	Sep. 08 – okt 08

## Organisering

### Styringsgruppa

AMU er styringsgruppe jmf vedtak i kommunestyre sak 16/07

#### Medlem


Johann Reinertsen, HVO  
Elin Bua, HTV fagforbundet  
Reidun Framnes, NSF  
Øystein Opedal, UF

#### Vara

Anne Sofie Velde, VO  
Sigrun Bøe Perez, fagforbundet  
Morten Dagsland, KFO  
Arne Tveit Katla, UF

Jorunn Skåden Ordfører,  
Odd Henry Dahle Rådmann,  
Arnhild Lund Grostøl  
Bror Eivind Eriksen

varaordfører  
Kristian Birkeland  
Astrid Førsund  
Bjørn Gilje



## **Arbeidsform**

Det er viktig å få god informasjonsflyt og samarbeid på tvers av delprosjekta. Dette skal sikrast med fellesmøte i framkant av prosjektmøta innan kvart delprosjekt. Det skal i størst mogeleg grad leggjast opp til felles møteplan for delporsjekta. Dette er særleg viktig i den første fasen av prosjektet.

Arbeid med jobbtrivsel med bakgrunn i medarbeidarundersøkinga skal føregå på ulike nivå

1. Prosessjobbing i kvar einskild eining
2. Som sentralt element i kvalitetsarbeidet innan kvart delprosjekt
3. På overordna nivå i forhold til utvikling av kommuneorganisasjonen og arbeidsgjevpolitikken generelt.